

# Årsrapport

STUDENTOMBODET VED NHH

NHH



2019



# INNHALD

1. INNLEIING	1
2. OM STUDENTOMBODET	2
3. SAMARBEID	2
4. SAKER	3
5. OPPFØLGINGSPUNKT FRÅ ÅRSRAPPORTEN FOR 2018	6
6. INNSPEL TIL NHH	10

# 1. INNLEIING

2019 har vore eit travelt og gjevande år med rekordmange saker og studentar. I denne årsrapporten ynskjer eg å gje eit innblikk i studentombodets verksemd i det føregåande året, både når det kjem til reine tal og døme på typen saker eg har hatt.

Som studentombod møter eg berre dei studentane som støyter på hindringar i studiekvardagen. Mønsterstudenten som er frisk, forstår prosedyrane i høgare utdanning og forvaltninga, ikkje stryk og som følgjer ein normert studieprogresjon kjem aldri til meg. Dette er noko eg er klar over, og som du som lesar må ha i bakhovudet når du les denne rapporten. Mitt inntrykk er at NHH jamt over er ein god stad å vera student, noko som òg vert stadfesta av Studiebarometeret. Det betyr likevel ikkje at ein ikkje skal ta på alvor dei utfordringane som eit mindretal står overfor. Sjølv dei som er gode kan bli betre.

Ein seier gjerne at kvaliteten på eit samfunn vert målt på korleis ein tek vare på dei svakaste. Sjølv om ein på ingen måte kan seia at sekkenemninga «samfunnets svakaste» er ein dekkjande merkjelapp for dei som oppsøker meg, så er det vertfall studentar som står i ein sårbar posisjon. Dei kan vera sjuke, føla seg makteslause og ute av stand til å vurdere kva som strykjer saka deira og ikkje. Det er ikkje alltid for amatørar å belysa si eiga sak på ein tilstrekkeleg god måte når det står ein profesjonell part på den andre sida. Det er her eg som studentombod kan koma inn og vera ein uavhengig vegvisar juridisk, prosessuelt og taktisk, i tillegg til å vera eit medmenneske med teieplikt.

Bergen, 19. februar 2020

Sigbjørn Råsberg  
Studentombod

## 2. OM STUDENTOMBODET

Noregs Handelshøgskole (NHH) har hatt studentombod sidan 1. januar 2016, og vart då ein av dei fyrste institusjonane med eit slikt tilbod. Etter ei lovendring som vart sett i kraft 1. august 2019 vart alle norske universitet og høgskular pålagde å gje studentane tilgang til eit studentombod.

Sidan oppstarten har Sigbjørn Råsberg vore studentombod ved NHH. Som følgje av at NHH er ein relativt liten institusjon inngår rolla som studentombod som éi av fleire oppgåver i stillinga. Oppgåvene er estimert til inntil 30 % av stillinga. Av omsyn til uavhengigheit er det eit klart skilje mellom rolla som studentombod og dei andre oppgåvene. Stillinga er lagt til Forskingsadministrativ avdeling, og dei resterande 70 prosentane av stillinga knyter seg til anna juridisk arbeid ved avdelinga. Det er klargjort at det er ei avgrensing mot studentsaker, og den resterande delen av stillinga knyter seg hovudsakleg til forskingskontraktar, regelverksutforming og juridiske vurderingar.

Studentombodet er jurist og yter uavhengig juridisk rådgjeving til studentar i studentsaker. Verksemda er regulert i eit mandat gitt av styret ved NHH. Der er det mellom anna slege fast at studentombodet er uavhengig og ikkje kan instruerast. Vidare er det presisert at studentombodet skal sjå til at sakene får ei forsvarleg og korrekt handsaming, og at studentane sine rettar vert tekne vare på og løysast på lågast mogleg nivå. Tenestene studentombodet yter er eit supplement, og ikkje eit alternativ, til rådgjevingstenestene, studieadministrasjonen si rettleiingsplikt etc.

I uavhengigheita ligg det at studentombodet har teieplikt etter forvaltningslova (fvl.) § 13 overfor andre, medrekna fagstab, administrasjon, leiing, studentar etc. Vidare skal studentombodet sjå på kva som er rett, ikkje isolert kva studenten ynskjer å oppnå. Studentombodet si rolle vil naturleg vera meir sentral i saker der studenten ikkje har krav på eller er representert med advokat, enn i saker der studenten har slik juridisk hjelp. Det er likevel grunn til å understreka at det ikkje ligg til studentombodet si uavhengige rolle å fungera som studenten sin advokat. Ein viktig jobb for studentombodet kan slik vera å realitetsorientera studentar som ikkje har ei reell sak. Studentombodet skal vera ein nøytral støttespelar som hjelper studenten til å fremja saka si på ein best mogleg måte og gjera prosessen studenten står i meir føreseieleg og oversiktleg. Med dette kjem det òg indirekte ei kvalitetssikring av vedtak og prosessar gjort av NHH.

Studentombodet er vidare observatør i læringsmiljøutvalet (LMU) ved NHH.

## 3. SAMARBEID

Samarbeid med andre er problematisk når studentombodet samstundes skal vera uavhengig og oppretthalda teieplikta. I ein del tilfelle vil det likevel vera tenleg å rådføra seg eller gå i dialog med andre for å nå eit best mogleg resultat. I saker der kontakt med studenten er oppretta vil dette kunne løysast gjennom å innhenta samtykkje frå vedkommande.

Tilsvarende er det nyttig at dei som kjem i kontakt med studentar i fyrsteline gjev informasjon om studentombodsordninga og vidareformidlar kontaktinformasjon. Det at Studieadministrativ avdeling informerer aktuelle studentar om at dei kan søkja råd og hjelp hjå studentombodet bidreg til at studentane vert merksame på ordninga. Studieadministrativ avdeling er slik ein verdifull kanal for å marknadsføra tilbodet. Studentombodet opplever samarbeid med Studieadministrativ avdeling som godt og avklara, og har inntrykk av at begge partar ser nytten av dialog med kvarandre. Studentombodet set stor pris på dette samarbeidet.

Eit døme på slikt samarbeid er mellom anna at studentombodet i utvalde saker har vore i dialog med Studieadministrativ avdeling om korleis saker kan og bør handsamast for å sikra ei best mogleg handtering i framtida. Ein føresetnad for slikt samarbeid er likevel at det let seg gjera utan å koma i direkte interessekonflikt.

Studentombodet har vidare halde kontakt med NHHS og nytta deira kanalar for å nå ut til studentar. Kontakten med NHHS har òg blitt nytta for å fanga opp eventuelle vibrasjonar, trendar etc., noko som er nyttig med tanke på korleis arbeidet skal innrettast. NHHS er til liks med Studieadministrativ avdeling ein viktig kanal for å nå studentar som treng bistand. NHHS har ilt. perioden fått tilbod om kurs og innleiingar, men har ikkje sett behov for dette.


Det mest omfattande samarbeidet i 2019 har vore med andre studentombod, og då særskild det norske nettverket. Dei norske studentomboda held kontakt digitalt og har eit mål om å møtast to gonger årleg til nasjonale nettverkssamlingar der aktuelle problemstillingar vert tekne opp saman med kompetanseheving, kunnskapsoverføring etc. I 2019 har det vore to samlingar – éi i Trondheim og éi i Kristiansand. Samlinga i Kristiansand vart halden i tilknytning til det skandinaviske nettverksmøtet. I tillegg har dei norske studentomboda hatt eit møte med Sivilombodsmannen.

Vidare har studentombodet ved NHH delteke på den europeisk nettverkssamling i Leon i regi av European Network of Ombuds in Higher Education (ENOHE).

## 4. SAKER


Det vert ført statistikk over sakene som kjem inn til studentombodet som krev meir sakshandsaming enn berre ei rask avklaring eller som kan visast vidare til riktig instans. Sakene arkiverast i NHH sitt arkivsystem med eiga skjerming slik at det berre er studentombodet og éin arkivmedarbeidar som har tilgang til sakene. Namn og anna som er eigna til å identifisera studenten vert i tillegg til sjølve innhaldet skjerna og kjem slik ikkje på postjournalen.

Studentombodet var i 2019 involvert i totalt 63 saker som omhandla 78 studentar. Dette er ein auke samanlikna med 2018 då tala var 58 saker og 63 studentar. Tenden med fleire saker held slik fram.



Figur 1: Tal saker pr. år 2016-2019


For fyrste gong er det i 2019 òg sett på korleis sakene spreiar seg utover året. Som ein kan sjå av figuren under er det ei jamn spreieing, men ei lita overvekt i semesteras ytterkant.



Figur 2: Saker fordelt på månadar

Då studentombodet ikkje har tilgang til dei einstilte vedtaka NHH sin administrasjon eller Klagenemnda gjer, er det ikkje mogleg å seia noko om i kva omfang studentane får medhald etter å ha vore i kontakt med studentombodet. I mange tilfelle veit heller ikkje studentombodet om studenten går vidare med saka, då det er opp til den einstilte studenten om han eller ho informerer om dette. For å sikra studentane ei best mogleg rådgjeving sendte studentombodet før jul 2019 ein førespurnad til Klagenemnda for å høyra om moglegheita for å automatisk få tilsendt deira vedtak anonymisert, for på denne måten å få betre oversyn over praksis. Dette vart innvilga på nyåret 2020.

I kva grad studentane går vidare med ei sak, og eventuelt får omgjort eit vedtak, seier likevel i seg sjølv lite om kvaliteten på tenestene studentombodet yter til studentane som søker hjelp. Dette må sjåast i samanheng med at det ligg i rolla som uavhengig tredjepart å òg realitetsorientera studentar. Vidare er det på å det reine at det å styrka eller opplysa studenten si sak ikkje nødvendigvis vil vera tilstrekkeleg til å få medhald i ei klage.



Figur 3: Oversikt over talet saker pr. sakstype

Figuren over viser seks kategoriar,<sup>1</sup> der fire inneheld fleire sakstypar.<sup>2</sup>

Den klart største kategorien, og som òg aukar mest i omfang, er kategorien «eksamen». Under dette sekkeomgrepet er det særskild saker om levering av eksamen (9 saker og 16 studentar) og mogleg formell feil (11 saker (2 frå det same kurset) og 16 studentar) som utmerkar seg.

<sup>1</sup> Det er per i dag ikkje nokon standard for korleis studentomboda i Noreg fører statistikk over saker. På bakgrunn av dette er det ikkje mogleg å gjera konkrete samanlikningar opp mot andre institusjonar når det kjem til sakstypar, tilfang etc. Ulikskapen mellom institusjonane gjer det òg vanskeleg, då det er visse sakstypar som er meir aktuelle andre stader. Eit døme på dette er høgskular og universitet med helse- og undervisningsretta utdanningar der det vert gjort skikkavurderingar, noko som ikkje er aktuelt på NHH. Tilsvarande er det heller ikkje krav til vandel på NHH, slik det er på ein del studium. Ei direkte samanlikning opp mot andre institusjonar er slik ikkje tenleg.

Basert på statistikk frå årsrapportane til andre studentombod er det likevel ikkje noko som tilseier at tilfanget av saker skil seg nemneverdig på NHH samanlikna med andre institusjonar, justert for talet på studentar. Tvert om ser det ut til å vera færre studentar pr. sak på NHH enn elles i sektoren.

<sup>2</sup> Kategorien «eksamen» inkluderer saker knytt til tilrettelegging, eksamensforsøk, levering av eksamen og formell feil på eksamen. Kategorien «opptak» inkluderer saker knytt til mellom anna overgang mellom bachelor og master, opptak til utanlandsopphald og innpassing av kurs. Saker under «studierelatert» knyter seg til sakshandsamingsfeil, studierett og permisjon. Under sekkeposten «anna» finn ein saker knytt til studiesituasjonen som får uheldige konsekvensar for studentane, men som ikkje naturleg fell inn under ein av dei andre kategoriane.

Under punkt 6 «Innspel til NHH» vil det bli gått nærare inn på konkrete område NHH vert tilrådd å sjå nærare på for å vurdera om det bør gjerast endringar. Der vert mellom anna levering av eksamen handsama særskild.

## 5. OPPFØLGINGSPUNKT FRÅ ÅRSRAPPORTEN FOR 2018

I fjorårets rapport gav studentombodet seks konkrete innspel til NHH knytt til tilhøve som hadde vore problematiske i det føregåande året. Under følgjer ei oppdatering på korleis desse punkta har utvikla seg i 2019.

### Tilrettelegging

Studentombodet peika på saker der studentar meldte frå om at dei var råde frå å melda seg opp til eit kurs, av omsyn til at tilrettelegging var vanskeleg. Studentombodet understreka at det her ikkje var gjort vedtak, og at sjølv om det truleg er gjort i beste meining, så er dette i strid med god forvaltningsskikk og potensielt eit brot på plikta til å leggja til rette for studentar med særskilde behov. Dette må sjåast i samanheng med at mange studentar *opplever* dette som eit vedtak eller at det ikkje er mogleg å leggja til rette, og får slik ikkje moglegheita til å få ei reell prøving og eventuell klagemoglegheit.

#### Oppdatering:

Studentombodet har ikkje i 2019 fått saker av same karakter. Det treng likevel ikkje bety at dette ikkje er eit problem lenger. Tilrettelegging skal etter både uhl. § 4-3 og likestillings- og diskrimineringsloven (Idl.) § 21 vera individuell, noko som kan vera krevjande, då det ikkje er tilstrekkeleg å ha ei standardisert verktøykasse av tiltak.

Studentombodet er uroa over saka frå 2019, som òg har vore omtala i Khrono.<sup>3</sup> Saka gjeld ein student som har gått gjennom medisinske utgreiingar og blitt diagnostisert med ein anerkjend og kronisk søvnsjukdom i nervesystemet som inneberer eit skyvd søvnmønster. I praksis betyr dette at studenten er naturleg disponert for å sova på eit anna tidspunkt av døgnet enn majoriteten, noko som gjer at studenten er mindre opplagt enn andre studentar ved ordinær eksamensstart, då vedkomande på dette tidspunktet gjerne har vore vaken ein heil dag allereie.

Studenten vart tilbydd ei tilrettelegging som samsvara korkje med tilrådinga frå legar eller studentens eige opplevde behov. Etter å ha blitt handsama av både Studieadministrativ avdeling og Klagenemnda ved NHH vart saka fremja for Diskrimineringsnemnda.<sup>4</sup> Der vart det samrøystes konkludert med at NHH «har handlet i strid med den individuelle tilretteleggingsplikten».

---

<sup>3</sup> <https://khrono.no/diskriminering-diskrimineringsnemnda-nhh/kroniske-sovnproblemer-gir-student-eksamenstrobbe- varsler-soksmal-mot-nhh-for-manglende-tilrettelegging/411439>

<sup>4</sup> <https://diskrimineringsnemnda.no/media/2202/anonymisert-avgjoerelse-i-sak-19-135.pdf>



Studenten opplyser at NHH ikkje tok kontakt etter at Diskrimineringsnemnda hadde kome med si fråsegn. I ettertid har NHH kome studenten noko i møte, men ikkje på ein slik måte at det er eigna til å vega opp for den ulempa sjukdomen utgjer samanlikna med andre studentar.

Slik studentombodet ser det er det særst uheldig at ein student med dokumentert sjukdom må gå så mange rundar med NHH for å få den tilrettelegginga som skal til for å jamstillast med andre studentar. Stortinget har gjennom dagens lovverk pålagt utdanningsinstitusjonar å strekkja seg særst langt for å leggja til rette for at personar med særskilde behov skal kunne gjennomføra høgare utdanning på lik line med andre. Dette kan òg sjåast i samanheng med Regjeringas inkluderingsdugnad, då mykje av dei same omsyna grunnjev tilretteleggingsplikta.

I denne saka er det etter studentombodets oppfatning klart at tilrettelegginga studenten treng ikkje er uhøveleg tyngjande for NHH, samstundes som at det ikkje vil vera til hinder for å sikra den faglege kvaliteten. Dette kjem òg til uttrykk i Diskrimineringsnemndas fråsegn.

Etter fleire rundar med søknadar, klager, handsaming av saka i Diskrimineringsnemnda etc. har studenten kome til det punktet at vedkomande har engasjert advokat og sendt varsel om prosess. Studentar flest vil oppleva denne typen langvarige prosessar som utmattande, og det er då eit paradoks at motparten er ein offentleg utdanningsinstitusjon med ei tilretteleggingsplikt.

### **Digital levering av eksamen**

Studentombodet synte til at det hadde vore ei rekkje saker knytt til for sein levering av digital eksamen og følgjene dette hadde for studentane. Det vart peika på at talet saker knytt til denne problematikken tilseier at NHH burde sjå på om det kan kommuniserast tydelegare at fristen er absolutt. Vidare vart det vist til at fleire av sakene der studentar har levert for seint skuldast at studenten hadde vore logga inn i WiseFlow tidlegare i eksamensgjennomføringa og har trudd at han eller ho framleis var logga inn då det skulle leverast. I mellomtida hadde studenten likevel automatisk blitt logga ut som følge av inaktivitet, noko som gjorde at kandidaten ikkje fekk levert. Denne utlogginga hadde ikkje blitt synleggjort i studenten sitt skjermbilete, noko som gjorde at det kunne ta noko tid før studenten vart merksam på at han eller ho ikkje fekk levert.

### *Oppdatering*

Studieadministrativ avdeling meldte allereie i forkant av årsrapporten for 2018 at dei jobba opp mot leverandøren for å sikra at eit slikt varsel kjem opp når ein vert logga ut som følge av inaktivitet. Basert på erfaringar frå eksamen hausten 2019 er det likevel ikkje ei slik løysing på plass. Studentombodet kjenner til vertfall éi sak frå 2019 der ein student var villeia av dette og som ei følge av dette ikkje fekk levert oppgåva. Difor tilrår studentombodet Studieadministrativ avdeling om å halda oppe trykket mot leverandøren for å løysa dette.

Vidare er det på det reine at saker med studentar som ikkje får levert eksamen som følge av at den digitale portalen stengjer er ein vesentleg del av studentombodssakene i 2019. Basert

på dette er studentombodet av den oppfatninga at NHH framleis ikkje når ut i tilstrekkeleg grad til studentane med informasjon om dette og følgjene av at det vert levert for seint. Meir om dette under punkt 6.

### **Juks på eksamen**

Fleire studentar hadde i samband med ulike saker, og uavhengig av kvarandre, nemnt for studentombodet at det skjer mykje juks på NHH. Studentombodet verifiserte ikkje påstandane, men såg på dei aktuelle studentane si uro som reell.

Studentombodet etterlyste tydelege råd frå NHH om korleis studentar som mistenkjer at ein med-studentar juksar skal handla. Det vart òg stilt spørsmål ved om det i tilstrekkeleg grad vert fokusert på studentane sitt ansvar for reielegheit i studie og at ein potensielt kan utsetja med-studentar for risiko ved å juksa.

### *Oppdatering*

Dette har ikkje i same grad som i 2018 vore eit tema. Studentombodet har vore i kontakt med Studieadministrativ avdeling om det er gjort noko i tilknytning til dette. Dei opplyser at dette er eit tema som er meldt inn som ei sak for Utdanningsutvalet våren 2020 i tillegg til at ein tenkjer å ta det opp i Læringsmiljøutvalet ila. 2020. Vidare har måtar å nå ut til studentar om dette vore tema på eit programleiar møte.

Studentombodet har ila. 2019 blitt merksam på at det varierer korleis kursansvarlege og sensorar handsamar utslag på plagiatskontroll på innleveringar som skjer digitalt og kva konsekvensar eventuelt plagiat får. Dette er etter studentombodets vurdering problematisk, då det er med på å danna ulik praksis på NHH kring korleis plagiat vert handsama, noko som igjen dannar ein usikker rettssituasjon for studentane.

Studieadministrativ avdeling har opplyst at dei ynskjer å evaluera kva informasjon som går til sensorar om korleis mistanke om juks skal handterast.

Studentombodet ser positivt på desse tiltaka og vil tilrå NHH å vurdere å innføra eit system som gir moglegheit til å melde ifrå om alle former for kritikkverdige forhold, mistankar, avvik, tekniske tilbakemeldingar etc. og som kanaliserer informasjonen vidare til rett person.

### **Kva hjelpemiddel som er eigna for juks**

Studentombodet peika på at det vart køyrd prosessar på mistanke om juks i ei rekkje saker som ikkje er eigna for juks.<sup>5</sup> Det vart peika på at saker om mogleg juks er ei stor påkjenning for studentane som vert opplevd som særskild dramatisk, stigmatiserande og utfordrande i ein elles krevjande eksamenssituasjon. Som ei følge av dette vart det understreka viktigeita av at NHH så fort som mogleg avklarar om det er grunnlag for å gå vidare med ei sak eller ikkje.

---

<sup>5</sup> Sjå mellom anna Høgsteretts dom Rt. 2015 s. 995 avslutt 40.

### *Oppdatering*

Studentombodet har ikkje hatt saker med denne typen openbare misforståingar ila. 2019.

### **Dårlege engelskkunnskapar hjå eksamensvakter**

Studentombodet fekk i 2018 fleire tilbakemeldingar frå studentar som uavhengig av kvarandre peika på dårlege engelskkunnskapar blant eksamensvaktene på eksamenar der det er mange utanlandske studentar. Studentane meinte vaktene ikkje forstod kva dei sa og endå mindre klart å uttrykkja seg på engelsk. I ei av sakene meinte studenten at dette hadde fått direkte følgjer for vedkomande.

Dette vart spelt inn for eksamenskontoret pr. epost før jul 2018 som ville sjå nærare på dette problemet.

### *Oppdatering*

Studentombodet har ikkje i same mon som i 2018 fått tilbakemeldingar knytt til dette problemet. Ei sak frå 2019 synleggjer likevel problemet på ein veldig god måte:

Ein utvekslingsstudent hadde vore oppe til ein skriftleg skuleeksamen. Då studenten var ferdig leverte vedkomande bunken med gjennomslagsark direkte til eksamensvakta. Studenten opplevde vakta som ikkje i stand til å kommunisera på engelsk. Eksamensvakta føretok seg ikkje noko meir overfor studenten etter å ha fått gjennomslagsarka, men i ettertid er det uklart kvar eksamensoppgåva vart av. Det er nærliggjande å tru at vakta trudde studenten ville trekkja seg, sjølv om rutinane for trekk ikkje vart følgd av den aktuelle vakta.<sup>6</sup>

Det er klart at det i denne saka vart gjort fleire rutinefeil. Slik studentombodet ser det er det likevel nærliggjande å sjå dette i samanheng med studentens oppleving av eksamensvaktas språkkunnskapar, då sjansen for å gjera feil aukar når ein er utrygg på språket det vert kommunisert på.

Studieadministrativ avdeling opplyser at dei frå hausten 2019 innførte eit krav om eigeneklæring frå eksamensvaktene knytt til deira engelskkunnskapar. Denne avgjer om ei vakt kan nyttast i eit lokale med eksamen på engelsk.

### **Trakassering**

2018 var prega av mykje merksemd i media kring seksuell trakassering på NHH. Studentombodet er i utgangspunktet ikkje ein varslingskanal i denne typen saker og har inga formell rolle i saker som gjeld varsling, men er tilgjengeleg for studentar som måtte ynskja det.

I denne typen saker ligg det til studentombodet si rolle som ein nøytral tredjepart at alle partar kan søkja råd og rettleiing. Dette inkluderer òg dei som vert skulda for trakassering.

---

<sup>6</sup> Saka vart løyst med at NHH erkjente at det låg føre ein formell feil. Studenten gjennomførte då ny eksamen kort tid etter.

Studentombodet meldte i 2018 at inntrykk av NHHs varslingsrutinar for denne typen saker fungerer bra, men at det er viktig å kontinuerleg revurdera eigne rutinar for å sikra at dei som treng informasjon om korleis ein varslar lett finn fram til dette.

#### *Oppdatering*

Studentombodet har ikkje hatt saker knytt til dette i 2019.

## 6. INNSPEL TIL NHH

Som det er gjort greie for over har studentombodet gjennom 2019 handsama eit breitt spekter av saker. Studentane som kjem til studentombodet har i nokre tilfelle saker som klart ikkje kan føra fram, medan det i andre tilfelle er gjort materielle eller prosessuelle feil som er i direkte strid med gjeldande regelverk. Ein tredje kategori saker er dei der det ikkje i seg sjølv er gjort noko som er i strid med lov eller forskrift, men likevel er problematiske sidan utfallet får uheldige og vilkårlege konsekvensar for studentane.

I kva grad ein student vel å gå vidare med ei sak etter å ha vore i kontakt med studentombodet varierer. Nokre saker stoppar etter at studenten har vore i kontakt med studentombodet, andre vert oppklara, medan andre igjen går vidare til klagenemnda.

Under kjem to overordna kategoriar som studentombodet har sett på som problematiske i 2019, og difor ynskjer å trekkja særskild fram som tilrådinga for kva NHH bør sjå nærare på i 2020.

### **Manglande fleksibilitet i NHHs studieforskrift**

I samband med at NHH fekk ny studieforskrift i 2018, vart det òg innført ei føresegn i studieforskrifta § 4-3 som slår fast at «fastsatte frister knyttet til en vurderingsordning er absolutte». Dette er eit utgangspunkt som er både openbart og rimeleg utifrå eit prinsipp om likskap. Studentombodet ser likevel at denne formuleringa dei siste åra har blitt nytta for å avskjera alle former for innleveringar som kjem etter fristen. Slik studentombodet ser det er ein slik mangel på eksplisitte unntaksheimlar uheldig og med på å hindra rimelege løysingar i særeigne tilfelle.

Både Studieadministrativ avdeling og NHHs Klagenemnd<sup>7</sup> har understreka at dei anerkjenner at det kan gjera seg gjeldande tilfelle der ein utifrå eit force majeure-prinsipp kan opna for at oppgåver kan leverast etter fristen. Studentombodet opplever likevel at det i praksis ikkje vert opna for unntak i saker som klart er utanfor studentens kontroll.

Et døme på dette er ei sak der ein student ikkje fekk levert heimeeksamen innan tidsfristen som følgje av manglande tilgang på internett. Studenten la fram

---

<sup>7</sup> Klagenemnda er eit semi-eksternt organ som handsamar klager på einskildvedtak og er fyrsteinstant for saker som gjeld mogleg juks. Nemnda består av to NHH-studentar, to vitskapleg tilsette ved NHH og ein ekstern leiar. Alle er utpeika av rektor ved NHH.

dokumentasjon frå internettleverandøren på at det hadde vore eit ikkje-planlagt brot på ein kabel i området som følgje av anleggstrafikk. Det vart ikkje stilt spørsmål ved dokumentasjonen, men slege fast at det ikkje var grunnlag for å stadfesta eit unntak, då studenten fyrst hadde vore i kontakt med NHH etter at fristen hadde gått ut.

Det er vidare nærliggjande å tru at mange studentar vil tenkja at det ikkje er mogleg å levera etter fristen i det heile teke slik forskrifta er formulert i dag utan ein eksplisitt unntaksregel.

Som det allereie er gjort greie for anerkjenner studentombodet utgangspunktet om at fristar er absolutte. Når NHH viser til likebehandling som grunngjeving for eit regelverk utan eksplisitte unntak er det likevel verdt å understreka at lik behandling ikkje alltid er det same som likebehandling. NHH er tent med å ha reglar som er gode, ikkje berre enkle å handsama. Dette oppnår ein etter studentombodets skjønn ved å både sjå til kva som er føremålet og kva som er rimeleg. Føremålet med å skulle ha ein absolutt frist er å hindra at ein student som leverer etter fristen oppnår ein fordel som ikkje dei andre studentane får. I ein del tilfelle stiller studentombodet seg tvilande til om studentar som er nekta levering etter fristen har oppnådd nokon fordel.

I ei sak frå 2019 opplevde studenten å bli automatisk utlogga av WiseFlow som følgje av inaktivitet. Studenten hadde tidlegare vore logga inn på portalen og skjermbilete hadde ikkje forandra seg. Då studenten skulle levera fekk vedkomande melding om å ha blitt logga ut som følgje av inaktivitet. Studenten måtte då gå gjennom pålogging på nytt, og vart forseinka som følgje av dette. Studenten *starta* opplastinga eitt sekund før fristen gjekk ut, noko som òg var synleg gjennom loggen i WiseFlow og slik ikkje omtvista, men vart ikkje *fullført* innan fristen. Det som skjer etter at opplastinga er starta er ein prosess i WiseFlow og slik utanfor studentens kontroll.

Då det var klart at opplastinga ikkje var fullført sendte studenten fila til NHH pr. epost, men vart likevel nekta sensur som følgje av at det skjedde etter fristen. Studenten fekk heller ikkje medhald i klaga, og i saksframlegget for Klagenemnda vart det mellom anna gitt uttrykk for at «en absolutt frist er den eneste måten å sikre fullstendig likebehandling».

På same måte kan det stillast spørsmål ved om ein student som har mista ein frist med nokre minutt på ei oppgåve der innleveringsfristen er eit par månadar fram i tid frå oppgåva vart gitt i realiteten har oppnådd ein fordel som går utover andre studentar i kurset.

Kva som er ein god regel må byggja på ei heilskapleg vurdering der ein òg ser til kva som er rimeleg. Når det ikkje er noko rom for skjønn kan resultatet bli urimeleg store konsekvensar for einskildstudentar. For å setja det på spissen kan eitt sekund med dagens regelverk ved NHH vera skilnaden på uteksaminering eller overgang til master eitt semester eller det neste. I slike tilfelle er det nærliggjande å spørja seg om resultatet er proporsjonalt og rimeleg sett opp mot dei økonomiske følgjene det kan få i form av meir studielån og seinare inngang i arbeidslivet.

Studentombodet meiner vidare at sjølv om føringane i studieforskrifta § 4-3 er klare på at fristar er absolutte, følgjer det av god forvaltningskikk at det i særskilde tilfelle må opnast

for å ta imot klager, søknadar etc. sjølv om fristen objektivt er broten.<sup>8</sup> Dette tilseier at det bør formulerast ein unntaksregel.

Eit anna døme på manglande fleksibilitet i dagens forskrift er føringane for når dokumentasjon på sjukdom etc. i samband med manglande oppmøte på eksamen skal vera levert. Forskriftas § 4-7 seier i dag at slik dokumentasjon skal vera levert «senest første virkedag etter endt vurdering». Forskrifta tek her ikkje høgde for at det kan gjera seg gjeldande særeigne tilhøve som gjer at det ikkje er mogleg å følgja denne fristen. Til dømes kan grunnen til at ein student ikkje møtte til vurdering vera at han eller ho var tvangsinnlagd eller i koma på dette tidspunktet. Då er det ikkje rimeleg å forventa at den same personen skal kunne leggja fram dokumentasjon neste yrkedag.

Eit tredje døme på manglande unntaksreglar i dagens forskrift er § 4-8 sjette ledd som slår fast at ein student berre kan levera masteroppgåve éin gong. Heller ikkje her er det noko eksplisitt unntak. I ei sak frå 2019 vart nettopp dette trekt fram som avgjerande for kvifor ein student som står i ein sær s uvanleg posisjon vart nekta å levera ei ny oppgåve.

Studentombodet ser at NHH her viser til legalitetsprinsippet som grunngeving for kvifor det ikkje kan tillatast unntak. Prinsippet har som føremål å verna borgaren mot vilkårlege inngrep frå statsmakta, og det er då etter studentombodets oppfatning ikkje grunnlag for å tolka det utvidande til òg å hindra vedtak som er til fordel for borgaren utan å vera til ulempe for andre, korkje fysiske eller juridiske personar. Dette kjem òg til uttrykk i Grunnlova § 113 som kodifiserer prinsippet. Der vert det slege fast at «Styresmaktene må ha grunnlag i lov for å *gripe inn* overfor einskildmennesket» (studentombodets kursivering). Studieadministrativ avdeling har i samband med dette peika på rettstryggleiken til ein eventuell skrivepartner og denne sin karakter, då ei moglegheit for å ta oppatt masteroppgåva føreset annullering av det ståande resultatet. Studentombodet vil her understreka at det ikkje er noko prinsipielt i vege for at ei oppgåve som er levert saman får to ulike utfall. Dette er noko som stundom skjer når delar av ei gruppe klagar på ein karakter og denne klaga fører til ei justering for dei som klaga.

Studentombodet vil presisera at det ikkje i seg sjølv er noko i vegen for at NHH gjer denne typen vedtak, men stiller spørsmål ved om resultatet er godt og om det ikkje bør stillast opp fleire unntaksreglar viss NHH òg i framtida skal leggja til grunn ei like vid tolking av lovkravet i legalitetsprinsippet. Eit regelverk utan unntak har heller ingen tryggleiksventilar for saker utanom det vanlege og som ein gjerne ikkje føresåg då regelverket vart utforma.

Basert på dette vil studentombodet tilrå NHH å sjå på om dei klare reglane i dagens studieforskrift òg utgjer gode reglar som i tilstrekkeleg grad tek høgde for særskilde omstende.

---

<sup>8</sup> Sjå mellom anna kodifiseringa av dette i samband med klagefristar i fvl. § 31.

## Korleis studentar opplever å verta handsama

Jamt over har studentombodet inntrykk at studentane ved NHH opplever bli møtt med respekt og at dei får god og kyndig rettleiing frå både fagleg og administrativ side. Det er likevel på det reine at det ila. 2019 har vore fleire studentar som uavhengig av kvarandre har meldt frå om at dei opplever seg dårleg behandla av tilsette ved NHH.

Meir konkret har tilbakemeldingane gått ut på at studentane opplever at den dei har vore i kontakt med ikkje ser utfordringane dei står overfor. Noko av dette kan naturleg ha med å gjera at studentane ikkje alltid får det svaret dei ynskjer, men studentombodet har òg sett skriftlege døme på dette og fått referert døme frå samtalar studentar har hatt der dette ikkje har vore tilfelle.

Eit døme er denne eposten frå ein kursansvarleg som gjekk til ein student etter studieadministrativ avdeling hadde konkludert med at det låg føre ein formell feil og at studenten slik hadde krav på ein ny eksamen:

---

From: [REDACTED]

Sent: tirsdag 30. april 2019 15:33

To: [REDACTED]

Subject: [REDACTED]

[REDACTED]

I'm sorry for your mishap.

Unfortunately, I'm **NOT** able to arrange a separate exam for you, even if that is possible given the School's exam rules.

Best

[REDACTED]

Dette er eitt av fleire døme studentombodet har blitt presentert for. Denne typen tilbakemeldingar er ikkje berre med på å undergrava studieadministrasjonen sine vedtak og respekten for gjeldande lover og forskrifter, men det er òg eigna til å villfara studentar.

Studentombodet er merksam på at det er omfattande kontakt mellom studentar og tilsette ved NHH ila. eit år og at alle kan ha ein dårleg dag, men vil likevel understreka at det er NHH som er den profesjonelle parten og slik i det lengste må unngå at studenten sit att med ei kjensle av å ikkje bli teke på alvor.

Basert på dette tilrår studentombodet at NHH går gjennom sine rutinar for studentkontakt og at denne gjennomgangen inkluderer både fagleg og administrativt tilsette.